

**Høyringsinnspel til budsjettforslag for 2026 Kunnskapsdepartementet, Kap. 272
Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning, post 71 Tilskot til tiltak for
internasjonalisering**

Til Stortingets utdannings- og forskingskomité

Departementet har foreslått å gradvis fase ut ordninga Norgeskunnskap over to år, som inneber at ordninga blir redusert med 4,5 millionar kroner i 2026 og avvikla heilt frå og med 2027. Dette vil gå direkte ut over ordninga med sendelektorar frå Norge, som sikrar kvaliteten i utdanninga for utanlandske universitet i utlandet som tilbyr norskundervisning. Ordninga omfattar i dag 18 universitet i 12 land. I tillegg vil det ramme studietilbodet for dei 5000-6000 studentane som har vald å studere norsk ved eit av 130 universitet utanfor Norge som tilbyr norskundervisning.

Konsekvensane for rekruttering av norskkompetanse i utlandet vil vere store. Det vil direkte ramme rekrutteringa av omsetjarar frå norsk til andre språk, sidan norskfaget ved universiteta i utlandet er den sentrale rekrutteringsbasen for nye omsetjarar.

Norsk er eit lite språk i verda, men norsk litteratur er i verdsklasse. Norge har i dag ei lang rekke forfattarskap med stort gjennomslag over heile verda. For forfattarar som Jon Fosse, Erika Fatland, Karl Ove Knausgård, Maja Lunde, Jo Nesbø, Vigdis Hjorth og Maria Parr har også omsetjarane deira bidratt til at dei blir sett og lese av eit stort publikum. Skal norsk litteratur nå fram til lesararar internasjonalt, som i dag, er vi avhengig av at det også i framtida finst studietilbod i norsk språk og litteratur i utlandet.

Norsk språk treng også kontinuerleg at vi styrker og løftar det, mot dominansen frå engelsk, og norgeskunnskap i utlandet bidrar til det. I ei tid da demokratiske verdiar er utfordra er dette ikkje minst viktig. Gjennom kultur og litteratur får resten av verda viktig kunnskap om norsk kultur og samfunn. Gjennom omsetjarane blir desse stemmene formidla. Eit kutt i finansieringa av norgeskunnskap vil hemme denne dialogen.

For NORLA, som har som oppdrag å bidra til at norsk litteratur kjem ut i verda, vil kuttforslaget gå ut over arbeidet vi gjer og aktivitetane vi gjennomfører, som bygger på at vi har eit godt tilfang av omsetjarar frå norsk til andre språk. Det gir stor verdi å ta godt vare på dei som har vald å lære seg norsk. Alle som har studert norsk språk på universitetet og som vel å satse på å bli omsetjarar, blir gode formidlarar av norsk litteratur, kultur og dei verdiane vi er opptatt av i norsk samfunnsliv. Dei er gode

«ambassadører» i utlandet gjennom kunnskapen om språket. Å ikkje satse på desse vil vere å gi frå oss eit fortrinn vi har opparbeidd over mange år.

Det er eit mykje større tap vi risikerer ved bortfall av ordninga enn kva det kostar å ta vare på den. Her er det stor avstand mellom investering og avkastning. Ei beskjedne investering i pengar gir stor kulturell avkastning om vi tar vare på ordninga, mens det er eit stort tap av kultureksport vi risikerer om vi fjernar ordninga. Nedbygging av norgeskunnskap i utlandet vil få store konsekvensar, og det vil ta svært lang tid å gjere godt igjen den skaden som bortfall av ordninga vil skape.